



TUSSA

Tertialrapport 2 2024



243

Driftsresultat (249)

171

Resultat før skatt (176)

461

Kraftproduksjon GWh (422)

973

Omsetning (882)

4 993

Totalkapital (4 675)

37,5

Eigenkapitalprosent (38,2)

Beløp i mill. kroner. Tilsvarende tal per 2. tertial 2023 står i parentes.

Rekneskap per 2. tertial 2024

Rekneskapen per 2. tertial 2024 syner eit driftsresultat på 242,5 mill. kr (249,3) og eit resultat før skatt på 170,7 mill. kr (176,4). Omsetninga vart 972,8 mill. kr (882,3), totalkapitalen er 4 992,5 mill. kr (4 674,9) og eigenkapitalprosenten er 37,5 prosent (38,2). Netto finans syner eit resultat på -71,8 mill. kr (-72,9). Tilsvarande tal per 2. tertial 2023 står i parentes.

Konsernet har ein reduksjon i driftsresultatet på 6,8 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2023. Noko lågare kraftpris og lågare pris på opphavsgarantiar, i tillegg til auka driftskostnader, gir lågare resultat innanfor kraftproduksjon. Nettverksemda viser noko svakare resultat samanlikna med same periode i 2023. Vidare har forretningsområdet IKT svak positiv resultatutvikling, medan installasjon har noko svakare resultat. Konsernet har i 2. tertial redusert betinga avsetningar knytt til fusjonen mellom Linja og Mørenett med 12,5 mill. kr.

Netto finans viser -71,8 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er om lag det same som på same tidspunkt i fjor. Auka gjeld og auka rentenivå har gitt høgare rentekostnader, medan valutatap som følgje av kursendring på eurolån og negativ endring i marknadsverdi på euroNOK rentebyteavtale er lågare i år enn i fjor.

Skattekostnaden er estimert til 87,0 mill. kr (79,7). Det er her estimert 37,3 mill. kr (40,0) overskotsskatt, og grunnrenteskatt med 49,7 mill. kr (39,7). Skattekostnaden utgjer om lag 51 prosent av konsernresultatet før skatt (45). Resultatet etter skatt er 83,7 mill. kr, som er 12,9 mill. kr lågare enn ved 2. tertial 2023.

Investeringar i varige driftsmiddel er på 308,9 mill. kr (218,8), fordelt på nett med 222,4 mill. kr, IKT med 52,2 mill. kr, kraftproduksjon med 15,9 mill. kr, installasjon med 9,0 mill. kr og Tussa Kraft med 9,4 mill. kr.

Totalkapitalen er 317,6 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i fjor. Bakgrunnen for auken er mellom anna Linja sitt kjøp av regionalt distribusjonsnett frå Statnett.

ENERGI

Kraftproduksjon

Akkumulert driftsresultat for kraftproduksjon er 128,6 mill. kr per 2. tertial (142,2).

Akkumulert kraftproduksjon er på 461 GWh (421,5). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 95 prosent (96) av normalproduksjonen for perioden. Akkumulert snittpris per 31. august var 40,3 øre/kWh (44,5).

Det har vore synkende kraftpris for NO3 gjennom 2. tertial. Prisen fall mykje frå april til mai, men heldt seg noko høgare i juni og juli. Augustprisen vart likevel pressa av stort tilsig i Sør-Noreg, men også i området vårt. Rask utbygging av solkraft i Europa senker sommarprisane midt på dagen, og dette smittar inn i Norden. Gasslagra er godt oppfylte, og saman med låg industriell kraftetterspurnad i Sentral-Europa gir dette moderate prisar på kontinentet. Den hydrologiske balansen i Norden ved tertialsiftet var normal, men har stige til om lag 4 TWh etter dette. Prisutsiktene for NO3 for siste tertial er moderate, med prisforventningar på 32,6 øre.

Det har vore god framdrift på bygginga av Skårelva og Røyarhus kraftverk. Vidare har arbeidet med den pålagte forsterkinga av dammen til Sør-Brandal kraftverk hatt god framdrift. Vi forventar at arbeidet med plastring av dammen er ferdig i løpet av oktober.

Kraftnett

Tussa Kraft eig 32,9 % i nettselskapet Linja. 2024 er det første heile driftsåret for selskapet, som er resultat av ein fusjon mellom Linja, Mørenett og Tindra.

Rekneskapen for Tussa sin eigardel i nettverksemda viser eit driftsresultat på 77,6 mill. kr (84,3). I samband med fusjonsprosessen vart det utarbeidd eit synergiprogram for å redusere kostnader, og målet er at selskapet i løpet av tre år skal nå eit effektivitetsnivå i Reguleringsmyndigheten (RME) sin inntektsrammemodell på minst 100 %.

Det har vore god utførande aktivitet i nettet, både når det gjeld drift, vedlikehald, ny- og reinvesteringar. Tussa sin del av investeringane per 2. tertial er 222,4 mill. kr (125,2). Det er mange prosjekt knytt til elektrifisering og det grønne skiftet, men også nett som må fornyast. I regionalt distribusjonsnett utgjer kjøp av anlegg frå Statnett ein stor del av investeringssummen.

Linja tok over regionalt distribusjonsnett frå Statnett med verknad frå 1. juli 2024. Dette gjer at Linja eig regionalnett frå Årdal i sør til Trøndelag i nord.

IKT

Driftsresultatet for IKT er 29,6 mill. kr (26,8).

Ved utgangen av tertialet var det levert fiber til 15 850 hushaldningar (15 192) og 1 120 bedrifter (1 107).

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein auke i eksternt omsetning på 7,6 mill. kr, noko som utgjer 7 % vekst frå same tid i 2023. Produkta internett og TV til privatmarknaden og internett til bedriftmarknaden står for auken.

Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet IT ein auke i den eksterne omsetninga på 13,6 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2023. Dette gir ein vekst på 19,8 %. Hovudårsaken til dette er auke innanfor IT-avtalar og sal av handelsvarer.

INSTALLASJON

Driftsresultatet for installasjon er 3,9 mill. kr (7,2). Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet ei omsetning på 134,0 mill. kr (121,5).

Samanlikna med same periode i fjor, har prosjektporteføljen ein større del fastprisprosjekt. Det har gitt høgare omsetning, men også bidrege til lågare dekningsbidrag.

I marknadsområda som er knytte til større byggjeprojekt er konkurransesituasjonen hard. Innanfor servicemarknaden er det høg aktivitet, både mot næringskundar og privatkundar. I løpet av året skal to større prosjekt ferdigstillast, Volda symjehall og eit smoltanlegg til Mowi på Haukå, og det vert difor høg aktivitet. Marknadsutsiktene for 2025 er gode.

UTSIKTER FOR 2024

Den gjennomsnittlige kraftprisen på NordPool per 2. tertial er 40,3 øre/kWh. Utsiktene for dei fire siste månedene av året er stigande etter ein svak pris i sommar, der august var dårlegast med 12,7 øre/kWh. Vi forventar stigande prisar framover mot om lag 35 øre/kWh mot slutten av året, og ein gjennomsnittspris på 32,6 øre/kWh for 3. tertial.

Det er likevel særst usikkert kva prisane kjem til å verte. Vert det mykje lågtrykk, med vind og nedbør, kan prisane verte endå lågare. Om det vert høgtrykk, med lite vind og nedbør, kan prisane verte vesentleg høgare. Kraftproduksjonen og resultatet kan svinge mykje med endring i produsert volum og oppnådd pris på krafta. Gitt det vi observerer i marknaden ultimo september, forventar vi eit vesentleg lågare driftsresultat frå kraftproduksjonen enn i 2023. Samstundes forventar vi at dei andre forretningsområda i sum leverer driftsresultat om lag som i fjor.

I sum vert det forventa eit resultat etter skatt som er vesentleg lågare enn i rekordåret 2023, dersom prognosane ut året står seg.

Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat per 2. tertial	2024	2023
Salsinntekt	324 697	292 639
Energisal	301 734	303 163
Nettinntekt	323 689	265 426
Anna driftsinntekt	22 631	21 027
Sum driftsinntekter	972 752	882 255
Varekostnad	100 500	81 286
Energikjøp og overføringskostnad	170 058	131 938
Lønskostnad	197 357	170 530
Anna driftskostnad	125 841	124 287
Sum driftskostnad før avskrivning	593 756	508 041
EBITDA	378 996	374 214
Avskrivning/nedskrivning	136 461	124 892
Driftsresultat	242 535	249 322
Netto finans	-71 786	-72 932
Resultat før skatt	170 749	176 389
Estimert skattekostnad	87 026	79 722
Resultat etter skatt	83 723	96 667

Balanse per 2. tertial	2024	2023
Anleggsmidler	4 641 318	4 368 163
Omløpsmidlar	351 135	306 712
Sum egedelar	4 992 453	4 674 874
Eigenkapital	1 869 899	1 785 011
Avsetning for forpliktingar	240 993	214 507
Langsiktig gjeld	2 512 785	2 405 459
Kortsiktig gjeld	368 775	269 897
Sum eigenkapital og gjeld	4 992 453	4 674 874

Resultat per 2. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Kraftproduksjon	309 539	308 736	164 626	174 805	128 648	142 209	110 493	107 457
Nett	325 466	285 519	125 298	124 312	77 619	84 314	36 418	54 923
IKT	206 950	185 575	73 175	69 979	29 601	26 777	19 632	18 600
Installasjon	134 013	121 458	7 504	10 315	3 864	7 198	2 366	5 994
Andre	26 225	25 617	-4 156	-5 198	-4 554	-5 583	7 032	-4 990
Eliminering	-29 443	-44 649	12 549	-	7 357	-5 594	-5 192	-5 594
Sum	972 752	882 256	378 996	374 214	242 535	249 322	170 749	176 389